



## Statens vegvesen

OPUS Bergen AS  
Strandgt. 59  
5004 BERGEN

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 16/177239-2 P14031 20.12.2016

### Merknader til planarbeid og planprogram for Lonena – Gnr. 185 bnr. 284 – Lindås kommune

Vi viser til melding om oppstart av planarbeid for Lonena, gnr. 185 bnr. 284 m.fl., i Lindås kommune, samt forslag til planprogram på høring. Føremål med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av 800–1500 bustader, med tilhøyrande infrastruktur og grønstruktur.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Generelle innspel til planarbeidet

Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessar:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg og fylkesveg (kryss, avkjørsler, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker

Uttale til oppstartsmelding er ikkje uttømmende, og konsulent skal i planarbeidet gjere vurderingar knytt til kryss, trafikktryggleik m.m. Vi gjer spesielt merksam på at riks- og fylkesveger skal detaljerast også i områdereguleringsplanar, for å sikre at dei regulerte løysingane er kan gjennomførast.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
fir mapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

### Planområdet

Planområdet ligg like nord for Knarvik sentrum, langs den kommunale vegen Lonsvegen. I aust er Lonsvegen knytt direkte til E39, medan vegen i vest er knytt til Fv. 57 via den kommunale vegen Juvikstølen. Det er kortare veg til Fv. 57 enn til E39, men begge kryssa vil venteleg få vesentleg auka trafikk på grunn av utbygginga.

Statens vegvesen vurderer det som sannsynleg at trafikkauken i krysset mellom fv. 57 og Juvikstølen vil verte så stor at krysset må utbetrast. Vi ber derfor om at planområdet vert utvida til og med kryssområdet. Ein må ta med nok areal til nødvendige svingefelt i krysset. I trafikkanalysen må ein òg vurdere om kryss mellom E39 og Lonsvegen er dimensjonert for den auka bruken. Dersom det ikkje er det, må også dette krysset takast med i planområdet.

### Planprogrammet

Statens vegvesen er nøgd med at ein i planarbeidet legg vekt på gode gang- og sykkelforbindelsar internt i området og mot Knarvik sentrum. Det vert òg vektlagt gode koplingar til kollektivtilbod og lokale servicetilbod. I eit slikt sentralt område kan ein òg vurdere å redusere parkeringsdekkinga, som eit verkemiddel for redusert bilbruk.

Når det gjeld konsekvensutgreiinga, er det positivt at overordna vegnett er eit eige utgreiingstema. Ei utbygging på 800–1500 bustader vil medføre ei vesentleg trafikkauke, og det vil venteleg vere trong for å omregulere eit eller begge tilkoplingspunkta til det overordna vegnettet.

For å sikre einighet om løysingane i områdereguleringsplanen, vurderer Statens vegvesen det som hensiktsmessig at resultata frå trafikkanalysen vert lagt fram for oss før planforslaget, saman med konsulentens vurdering av tilhøva. Slik kan vi gjere ei felles vurdering av trong for omregulering og utforming av kryssa med fv. 57 og E39.

Når det gjeld punktet om kollektivaksar i Knarvik og vurdering av kollektivsløyfe, legg vi til grunn at plankonsulenten òg vil ha dialog med Hordaland fylkeskommune og Skyss.

### Tiltak på riks- og fylkesvegnettet

Planlegging av tiltak knytt til riks- og fylkesveganlegget, slik som til dømes kryss, avkøyrslar og vegstrekningar, må skje i samråd med Statens vegvesen. Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til tiltaket og anleggsgjennomføringa. I område med krevjande grunntilhøve, må det også dokumenterast at det kan byggast veg på den aktuelle staden.

Vi ynskjer å få vegtekniske teikningar for riks- og fylkesveg til gjennomsyn før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Teikningane skal utarbeidast i samsvar med Statens vegvesens handbok R700 Tegningsgrunnlag og kan tilpassast omfanget av den aktuelle planen.

I føresegnene bør det innarbeidast krav om at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak.

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ